

Fra: Rita Ludvigsen <rita.ludvigsen@masfjorden.kommune.no>
Sendt: 11.05.2022 11:31:55
Til: Post Masfjorden kommune <Post@masfjorden.kommune.no>
Emne: VS: 5 dagars skuleveke

Websak endra frammøtemønster.

Fra: Audhild Kolaas <audhild.kolaas@austrheim.kommune.no>
Sendt: onsdag 11. mai 2022 09:39
Til: Rita Ludvigsen <rita.ludvigsen@masfjorden.kommune.no>
Emne: SV: 5 dagars skuleveke

Hei!

Dette blir skreve i full fart, men eg prøver:

Eg tenkjer at eit argument for femdagars skule for småtrinnet er at ungane er absolutt mest mottakeleg for læring tidleg på dagen.

Ei anna viktig argument er ein ved full veke kan ein køyre føreseielege og strukturerte opplegg i basisfaga. Forsking tilseier at strukturerte, kontinuerlege og føreseielege pedagogiske opplegg aukar effekt, i dette tilfelle tileigning av grunnleggjande ferdigheter. Det får ein ikkje med eit opphold midt i veka.

Frå PPT si side ser ein at born med særskilde vanskar gjerne vil ha enda større behov for ein føreseieleg skulekvardag der innhaldet er kjend. Ein «pause» i veka kan heller ha negativ innverknad. Dette kan også gjelde for alle barn, uavhengig, funksjonsevne.

Det er viktig at det er barnet sitt beste som vert sett i fokus, ikkje økonomiske og administrative omsyn. Eller kva føresette finn mest praktisk. Femdagars skule vil, etter mi mening, minske sosial ulikskap og vere meir inkluderande for alle borna. Relasjonsbygging krevjer kontinuitet. For born som strevar sosialt kan ein pause i veka føre til at ein «må starte på nytt». Desse borna vil då vere mindre mottakeleg for læring.

Til slutt vil eg også spele inn at femdagarsveke vil gjøre det lettare å implementere kompetanseløftet. I dag er det ofte sånn at PPT ikkje kan kome fordi ungane har fri. PPT har særslig travle dagar der vekene ofte er fulle. Det er då vanskeleg å finne tidspunkt der PPT kan arbeide etter St.meld 6 sin visjon, Tett på. Det gjeld også kvalitetskriteria som udir har lagt til grunn for PPT sitt arbeid.

Veit ikkje om dett var til nytte. Berre spør om eg skal utdjupe noko.

Mvh

Audhild Kolaas
Leiar PPT
Tlf. 56 16 21 21/ mob. 95 27 09 27
www.austrheim.kommune.no



Eg gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse.

All e-post vert vurdert for eventuell journalføring i kommunen sitt sak-og arkivsystem

Fra: Rita Ludvigsen <rita.ludvigsen@masfjorden.kommune.no>

Sendt: onsdag 11. mai 2022 07:51

Til: Audhild Kolaas <audhild.kolaas@austrheim.kommune.no>

Emne: 5 dagars skuleveke

Hei

Vi snakka så vidt om dette på Skjerjehavn.

Vi driv med førebuing til politisk behandling av frå 4 til 5 dagars veke for 1.-4. trinn.

Har du høve til å sei noko om dette frå din ståstad?

Rita Ludvigsen

Oppvekstleiar

Tlf.45376315



Masfjorden kommune

- Ein kommune me er stolt av